

RETNINGSLINER FOR BRUK AV KYRKJENE I STORD OG NYSÆTER SOKN

(Vedtekne i Stord sokneråd den 27.05.2014 og Nysæter sokneråd den 06.05.2014*)

1) Generelt om bruk av ei kyrkje

I hovudføresegn om bruk av kyrkja har Kyrkjerådet i 2021 bestemt m.a. dette:

- Kyrkja er vigd til bruk for gudstenester og kyrkjelege handlingar og skal gjennom bruken sin tene til ære for Gud og oppbygging for kyrkjelyden.
- Gjennom forkynning av Guds ord, forvaltning av sakramenta og anna kyrkjeleg verksemd, er kyrkja den sentrale samlingsstaden for det gudstenestelege og kristne livet i kyrkjelyden.
- Bruken av kyrkja er lagt under biskopen sitt tilsynsmynde.
- Kyrkja og det utstyr som høyrer til, skal handsamast forsvarleg og med respekt.
- Kyrkja må ikkje brukast til politisk møte eller verksemd.
- Kyrkja må ikkje brukast til kommersielle føremål.

2) Det lokale ansvaret

Lokalt er det sokneråda som har det øvste ansvaret for kva kyrkjene i Stord kan brukast til. I det ligg det å vedta retningslinjene for bruk, og å ta avgjerd i einskildsaker. Bruk av Stord kyrkje er Stord sokneråd sitt ansvar, medan Nysæter kyrkje er Nysæter sokneråd sitt ansvar. Stord kyrkjelege fellesråd har ansvaret for betalingssatsar, tryggleik m.v. ved bruk og utleige av kyrkjene. Bjørgvin bispedømeråd skal godkjenna utleigereglementet. Sokneråda kan gje administrasjonen mynde til å avgjera kurante utleigesaker. Det finst eigne retningslinjer for sokneråda og presten sin bruk av kyrkjene.

3) Søknad om utleige / lån av kyrkjene

Alle førespurnader om å få leiga ei kyrkje må sendast skriftleg, skjema ligg på; www.kyrkjastord.no og seinast 6 veker før arrangementet.

Ved muntleg førespurnad om leige av kyrkja, kan ein ved kyrkjekontoret reservera ei kyrkje i inntil 10 dagar i påvente av elektronisk søknad. Reservasjonen vert sletta utan nærare varsel dersom søknad ikkje vert motteken innan 10-dagars fristen.

Merk særleg fylgjande tilhøve som må avklarast for at søknaden kan få rett handsaming:

- Omtale av arrangementet, tekst / musikk som skal framførast o.l.
- Spørsmål om endring av stoloppsett.
- Om det skal takast kollekt/inngongspengar, samt billettpris.
- Kor stor del av kyrkja ein ynskjer å bruka (kva for rom m.v.)
- Om ein ynskjer å nytta piano eller kyrkjeorgelet.
- Evt. matservering / matlaging.
- Evt. bruk av levande ljøs, oppmontering av omfattande utstyr o.a. som fører til at ein må ha særskilt beredskap.

4) Pengeinnsamling, billettpris og sal av varer

- Innsamling av pengar til ulike føremål kan ikkje skje utan at det er godkjent på førehand.
- Sal av varer, til dømes bøker og CD, osv. skal godkjennast på førehand og kan kun skje i vestibylen/våpenhuset eller utanfor kyrkja.
- Det er ikkje høve til sal i samband med gudstenester.

STORD KYRKJE

Bygningen Stord kyrkje

Stord kyrkje i Stord sokn er ei langkyrkje i basilika-stil frå 1857, med galleri, våpenhus, 2 sakristi og eit lite kapell i underetasjen.

Kyrkja har om lag 300 sitjeplassar og galleri med 90 sitjeplassar. Faste benker og stolar i kyrkjeskipet, stolar på galleriet.

Kyrkja har:

- Sideinngong med rampe for rullestol og barnevogn. samt teleslynge.
- Alminneleg høgtalaranlegg med teleslynge.
- Elektro-pneumatisk kyrkjeorgel frå 1957 med 23 stemmer og Bösendorfer piano.

Akustikken i kyrkjerommet er alminneleg god.

Sjå bilete av kyrkja på www.kyrkjastord.no

Tryggleik i Stord kyrkje

Kyrkja er eit offentleg bygg og forsamlingslokale som er omfatta av strenge brannvern- og tryggleikskrav.

- Gjeldande instruksar for branntryggleik og evakuering, som er oppslått i kyrkja, skal fylgjast
- Ved utlån/utleige av kyrkja vil kyrkjetenar vera tilstades ha ansvar for dei praktiske tryggleiksrutinane, og vise brukarane til rette.
- Innreiing og sitjeplassar er ordna slik at rømingseigar er sikra i samsvar med brannforskriftene. Det skal derfor ikkje endrast på sitjeplassar eller monterast utstyr eller inventar på ein slik måte at rømingseigarane vert innsnevra eller blokkerte, eller at utgangsdører vert sperra.
- Lause stolar eller andre tilfeldige innretningar skal som hovudregel ikkje plasserast i gangareal eller i våpenhuset.
- Det er ikkje tillete å selje fleire billetter enn talet på sitjeplassar (390).
- Det skal ikkje monterast utstyr eller inventar på ein slik måte at rømingseigarane vert innsnevra eller blokkerte, eller at utgangsdører vert sperra. Ved persontal over 400 skal det vera ekstra vakt for å sikra rømingseigarane i ein evt. kritisk situasjon.
- Ekstra bruk av levande ljøs i kyrkjerommet (t.d. kormedlemer med levande ljøs) må avklarast med utleigar på førehand. Dette med omsyn til både branntryggleik og praktisk reinhald. Sløkking av elektrisk ljøs (mørklegging av kyrkjerommet) må ikkje skje på ein slik måte at det kan gå ut over tryggleiken, og bør vera avtalt på førehand.

Respekt og verdighet i Stord kyrkje

Kyrkja er eit vigsla hus. All aktivitet i kyrkja må ta omsyn til dette. Alterpartiet i kyrkja skal ikkje endrast eller flyttast på i samband med arrangement. Det skal ikkje plasserast sitjeplassar eller utstyr innanfor alterringen. Benkene i kyrkja må ikkje demonterast eller flyttast. Oppmontering av scene, omfattande kortrappar, kulisser, større lyd og lysanlegg eller andre tiltak som vil endra på kyrkjerommet sin karakter, skal vera søkt om på førehand, slik at godkjenning kan liggja føre seinast 2 veker før arrangementsdatoen. Utstyr og inventar som høyrer til kyrkja skal berre nyttast til føremål som dei er meint til. Rettleiing i bruk av kyrkjeorgelet kan ein få ved å venda seg til kantor.

Matservering

Det er ikkje høve til matlaging i Stord kyrkje (Manglande kjøkenfasilitetar og spiserom). Det kan likevel nyttast medbrakt mat, men det er ynskjeleg at dette skjer innanfor eit avgrensa areal i kyrkja, m.a. med omsyn til reinhald.

NYSÆTER KYRKJE

Bygningen Nysæter kyrkje

Nysæter kyrkje i Nysæter sokn i Stord kommune er ei arbeidskyrkje bygd i 1991.

Det vert drive kommunal barnehage i deler av underetasjen.

Kyrkja har:

- Eit kvadratisk kyrkjerom med altaret sentralt plassert, og ein kyrkjelydssal.
- Totalt 340 sitjeplassar.
- Eit alminneleg høgtalaranlegg med teleslynge.
- Eit mekanisk kyrkjeorgel med 13 stemmer og eit Schimmel piano.

Akustikken i kyrkjerommet er godt eigna til song og akustisk musikk.

Sjå bilete av kyrkja på www.kyrkjastord.no

Tryggleik i Nysæter kyrkje

Kyrkja er eit offentleg bygg og forsamlingslokale som er omfatta av strenge brannvern- og tryggleikskrav.

- Gjeldande instruksar for branntryggleik og evakuering skal fylgjast.
- Ved utlån/utleige av kyrkja vil kyrkjetenar vera tilstades ha ansvar for dei praktiske tryggleiksrutinane, og vise brukarane til rette.
- Innreiing og sitjeplassar er ordna slik at rødingsvegane er sikra i samsvar med brannforskriftene. Det skal derfor ikkje endrast på sitjeplassar eller monterast utstyr eller inventar på ein slik måte at rødingsvegane vert innsnevra eller blokkerte, eller at utgangsdører vert sperra.
- Stolane i Nysæter kyrkje kan plasserast i samanhengande rekkje på inntil 15 stolar.
- Lause stolar eller andre tilfeldige innretningar skal som hovudregel ikkje plasserast i gangareal eller i våpenhuset/vestibyen.
- Kyrkja har sitjeplass til totalt 340 personar medrekna kyrkjelydssalen og dei faste benkene i vestibyen, og det er ikkje tillete å selje fleire billetter enn talet på sitjeplassar.
Maksimalt tal på personar som kan opphalda seg i kyrkja samstundes er 430, inkludert evt. utøvande musikarar og kormedlemer. Maksimum personar i "Ungdomslokala" i kjellaren er 50 personar.
Ved persontal over 300 skal det vera ekstra vakt for å sikra rødingsvegane i ein evt. kritisk situasjon.
- Ekstra bruk av levande ljøs i kyrkjerommet (t.d.kormedlemer med levande ljøs) må avklarast med utleigar på førehand. Dette med omsyn til både branntryggleik og praktisk reinhald. Sløkkjing av elektrisk ljøs (mørklegging av kyrkjerommet) må ikkje skje på ein slik måte at det kan gå ut over tryggleiken, og bør vera avtalt med kyrkjetenar på førehand.

Respekt og verdighet i Nysæter kyrkje

Kyrkja er eit vigsla hus. All aktivitet i kyrkja må ta omsyn til dette. Alterpartiet i kyrkja skal ikkje endrast eller flyttast på i samband med arrangement. Det skal ikkje plasserast sitjeplassar eller utstyr innanfor alterringen. Sitjeretningen i kyrkja må ikkje endrast slik at ein vender ryggen mot alteret. Oppmontering av scene eller store kortrappar, kulisser, større lyd og lysanlegg eller andre tiltak som vil endra på kyrkjerommet sin karakter, skal vera søkt om på førehand, slik at godkjenning kan liggja føre seinast 2 veker før arrangementsdatoen. Utstyr og inventar som høyrer til kyrkja skal berre nyttast til føremålet som dei er meint til.

Areal og aktivitetar i Nysæter kyrkje

Nysæter kyrkje er ei arbeidskyrkje, med kommunal barnehage i deler av underetasjen, og ho vert derfor nytta til fleire ulike føremål og av fleire brukarar, lag og organisasjonar enn ei vanleg "klassisk" kyrkje. Det gjer det naudsynt med god informasjon og koordinering av aktivitetar, og at brukarane fylgjer nokre felles husreglar.

(*2021: endring av årstal i punkt 1), ny nettside-link og søknadsskjema-info, antal sitjeplassar i Nysæter kyrkje frå 350 til 340 pga nye stolar)